

Sakshandsamar:

Lena Merete Söderholm
E-post: lena.soderholm@sfj.no
Tlf.: 97035449

Vår ref.

Sak nr.: 18/7439-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

41168/18

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 06.09.2018

Notat

Til: Hovudutval for næring og kultur

Frå: Fylkesdirektøren

Søknad på kr. 70 mill. frå Stiftelsen Måløy Marine Ressurssenter

Sogn og Fjordane fylkeskommune har motteke ein søknad om økonomisk støtte på kr. 70 mill. frå Stiftelsen Måløy Marine Ressurssenter (MMR).

Eit prospekt (datert 21.06.18) er lagt ved søknaden (Vedlegg 1). Prospektet er utarbeidd gjennom eit forprosjekt der kr. 400 000 er delfinansiert av fylkeskommunen. Dette utgjorde 32 % av totalkostanden for forstudiet. Fylkeskommunen v/Nærings- og kulturavdelinga har hatt observatørstatus i styringsgruppa til forprosjektet.

Det er etablert ei stifting basert på ei intensjonsavtale mellom MMR og NMBU (Norges Miljø- og Biovitenskaplege Universitet), Fakultetet for Biovitenskap (BIOVIT). Det vert no arbeidd med å reise kapital til drift av stiftinga. Dei vil be næringslivet om stiftingskapital på kr. 3 mill. Så langt er det kome inn kr. 2 mill. Vidare vert kommunar, bankar og fylkeskommunen bede om til saman kr. 109 mill. i tilskot.

Nærare om MMR*Mål og visjon*

Ressurssenteret sin forretningside er at MMR skal styrke næringslivet i regionen gjennom å formidle, utvikle og gjennomføre FoU-prosjekt og å bygge næringsrelevant FoU-infrastruktur i industriell skala. Visjonen er at innan utgangen av 2023 skal MMR ha lagt grunnlag for 35 nye kompetansearbeidsplassar i regionen, dette basert på forskning kanalisert gjennom MMR.

Konseptet med MMR byggjer på følgjande hovudpilarar:

- ✓ Organisering og formidling av studentprosjekt
- ✓ Verdsleiane på FoU infrastruktur
- ✓ Utvikle og gjennomføre forskingsprosjekt

Vidare gjev prospektet ei rekke delmål, for 2018 skal 10 studentoppgåver på bachelor-, master- eller nærings-ph.d nivå. Dette arbeidet er i gang. Målet er å reise minimum kr. 50 mill. i eigenkapital i løpet av året.

MMR skal ha ein marin vinkling i sine oppdrag, og kunne leige ut verdsleiane næringsrelatert FoU-infrastruktur som kan nyttast i ulike prosjekt.

Styret i MMR

Samansetninga av styret skal reflektere at ein skal drive næringsrelevant forskning og skape korte avstandar mellom akademia og næringslivet. Framlegget er:

3 repr. frå marin næring: 1 frå fiskeri, 1 frå havbruk og 1 frå nye marine næringar.

3 repr. frå akademia: 2 frå BIOVIT og 1 frå Måløy vidaregåande skule.

2 repr. frå tilsette i MMR: 1 forskar og 1 frå drift/administrasjon.

Drift

Det er tenkt tilsett ein dagleg leiar og ein forskingsleiar i MMR.

Det er inngått intensjonsavtale med OFS Norge AS som gjev MMR opsjon på leige av lokalitet i Barstadvika, desse har tidlegare vore nytta til bearbeiding av laks. Lokaliteten ligg ved Vågsøy kommune sitt nye vassbehandlingsanlegg, og kan då få tilgang til vatn som ikkje er tilsett klor i sin produksjon, noko som er heilt avgjerande for MMR.

Økonomi

Planlagt finansiering

Bedriftene	3 mill.
Bankar	10 mill.
Kommunar (7)	29 mill.
Sogn og fj. fylkeskommune	70 mill.
<u>Sum</u>	<u>112 mill.</u>

Investeringsbudsjett (i heile 1000)

Art	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Sum
Standard lab.	2000	4000	1000	1000	1000	1000	10 000
Mikroalgelab.	-	2000	1000	1000	-	-	4 000
Mesokosmos	5000	10000	5000	1000	1000	1000	23 000
Ekstruder testlinje	5000	30000	5000	1000	1000	1000	43 000
Hydrolyseanlegg	-	6000	6000	1000	1000	1000	15 000
FoU-konsesjonar	-	-	10000	15000	5000	5000	35 000
Campus/kontor/utrusting	2000	500	1000	1000	1000	1000	6 500
<u>Sum investeringar</u>	<u>14000</u>	<u>52500</u>	<u>29000</u>	<u>21000</u>	<u>10000</u>	<u>10000</u>	<u>136 500</u>

I oversikta er ikkje investeringar i bygningsmasse teke med. Desse er stipulert til 7-10 mill. for tilpassing av bygget. Kostnadane vert lagt inn som husleige.

Vurderingar

Sogn og Fjordane er eit marint fylke med ei sterk fiskeri og havbruksnæring. Næringane er i front nasjonalt og internasjonalt m.a. når det gjeld å utvikle kostnadseffektive og berekraftige og innovative løysingar som bidreg til å drive marine næringar framover.

I Sogn og Fjordane er det ingen større marine forskingsinstitusjonar. Desse er oftast lokalisert i nærleiken av universitet og høgskular som gjev utdanning innan marine disiplinær. Slik sett vil eit marint senter som MMR kunne fylla eit tomrom ved at dei formidlar kontakt mellom næringa og relevante FoU-institusjonar, og i tillegg stiller FoU-infrastruktur til rådvelde slik at forskarar og kjem til Sogn og Fjordane og at FoU vert gjennomført her. Dette vil kunne bidra til å sikre ei fortsatt positiv utvikling av våre marine bedrifter og også på sikt gje positive ringverknadar gjennom arbeidsplassar som sett krav til høgare utdanning, noko det er mangel på i regionen.

MMR er basert eit tett og forpliktande samarbeide med NMBU. Universitetet slit med rekruttering til sin marine utdanning (m.a. akvakultur) og fråvær av «tilgang til kyst» og marint næringsliv meiner dei er ei av årsakene til at dei av studentane vert oppfatta som mindre attraktive. Slik sett vil MMR og deira kontakt med marine bedrifter m.a. tilby relevante bachelor- eller master-oppgåver eller doktorgradsoppgåver (nærings ph.d.). MMR ynskjer på sikt å bli godkjend som FoU-institusjon. Dette vil kunne betre tilgang til oppdrag og bidra til meir gunstig finansiering. For å bli kredittert som FoU-institusjon treng MMR ein partnar som NMBU. Slik sett vert dette ein vinn-vinn situasjon der gevinsten på begge sider er høg.

MMR legg opp til at Måløy vidaregåande skule vederlagsfritt skal kunne nytte fasilitetane i senteret. Dette vil truleg ikkje late seg gjere som ledd i dagleg undervisning på skulen, m.a. basert på avstand mellom lokalitet og skule og at deler av anlegget berre vil vere ledig når det ikkje er nytta av pågåande prosjekt. Men at elevar tidvis kan bli koplå opp mot eksisterande aktivitet i MMR må vere eit mål å få til.

Søknaden presenterer eit omfattande og høgt investeringsbudsjett. Innreiing av laboratorier er forholdsvis kurrant, medan spesialisert FoU-infrastruktur kan vere kostbart. I prospektet er det mellom lagt opp til innkjøp av ein ekstruder med prislapp 30 mill. (2019). Dette er ein maskin der ein m.a. kan blande hovudmateriale og diverse tilsettingsstoff i ulike forhold for å få ein homogen masse eller lage granulat. Dette er m.a. naudsynt for å sikre at det pågåande prosjektet Ecobait vert gjennomført i Måløy. Sidan MMR tek mål av seg til å vere næringsretta, kan det vere vanskeleg å på

førehand seie kva behov næringsretta FoU har behov for av forskingsinfrastruktur. Ein må i alle tilfelle vere varsame med tunge investeringar som ein ikkje på førehand kan sannsynleggjere at vil dekke eit behov hos næringslivet (og slik sikre utleige og bruk av utstyret). Utstyr har ei rask produktutvikling, og fjordårets modell kan veldig raskt vere utdatert. Leasing av utstyr må vurderast nærare.

Investeringane i spesielt utstyr bør i stor grad kome frå næringslivet for slik å sikre eigarskap og bruk. På same måte bør MMR vurdere om ikkje NMBU også bør dekke deler av utstyr som er av særleg interesse for dei.

Det marine næringslivet i fylket går no svært godt. Vi ser ikkje at dette er spegla i næringslivet sin innsats i investeringar til MMR. Den offentlege delen av finansieringa er svært høg, nær 90 %. Fylkesdirektøren meiner at entusiasmen og interessa for MMR frå næringslivet i Måløy-regionen må forankrast gjennom eit monaleg større krev til finansiering frå næringslivet. MMR har lagt opp til eit ambisiøst mål om eigenkapital på 112 mill. kr. Om dette målet ikkje vert nådd, m.a. fordi fylkeskommunen si finansiering ikkje vert som budsjettert, må styret synleggjere korleis dei då vil gjennomføre MMR og kva omfang MMR då vil få.

Fylkeskommunen ser med positive auge på oppretting av MMR og meiner at dette kan vere med å sette fylket på FoU-kartet i framtida, og å sikre marint næringsliv kort veg til FoU-kompetanse og vidare vekst og utvikling. Senteret vil, slik vi ser det, bidra til å styrke den marine klynga i Nordfjord, og vil samstundes kunne gje eit verdfullt bidrag innan FoU til det marine næringslivet i heile fylket. Søknadssummen til fylkeskommunen er likevel svært høg og reflekterer nok ikkje fylkeskommunen sine økonomiske ressursar.

I ei vidare handsaming av saka må søknaden også vurderast opp mot statsstøtteregulverket.